

Foreningen blir stiftet

Av Arna Haga

«År 1964, den 29. februar, vart det halde eit møte på Snåsa heradshus for å ta opp spørsmålet om å skipe eit lag med det føremål å arbeide for å realisere tanken om eit sametun med sørsamiske samlingar.

Innbydarane til møtet (Anselm Jåma, Anders Fjellheim, Kaare G. Rogstad og Kjell Bardal) hadde sendt ut innbyding og program for møtet til mange samiske heimar i Hedmark, Trøndelags-fylka og Nordland. Meininga var at alle samar i dette området skulle bli gjort kjent med møtet. Vidare var det sendt innbedning til ein del andre med interesse for sørsamisk kultur.

Da møtet tok til kl. 12.00, var det samla 35 møtedeltakarar.

1. Sokneprest Rogstad ønska vel møtt og orienterte om møtet.
2. Kjell Bardal leste helsingar til møtet frå Norges Finnemisjonsselskap v/generalsekretær Thor With, og frå stortingsmennene Guttorm Hansen og Inge E. Bartnes.
3. Foredrag ved sløydkonsulent Arthur Jillker, Gäddede. Svensk samesløyd. Organisert kvalitetskontroll og omsetting av samiske husflidssaker.

Jillker ga ei svært interessant innføring i det arbeidet som blir gjort for å stimulere og hjelpe fram samisk husflid. Etter foredraget svara Jillker på spørsmål frå ein interessert forsamling. Jillker hadde med ein del vakre ting, husflidssaker som han synte fram» (sitat fra møteboka). Etter middag på Turistheimen ble det holdt stiftelsesmøte. Alle som uttalte seg, var positive til å gå inn for en forening for sørsamiske samlinger. 45 personer tegnet seg som medlemmer.

Møteinnkallerne hadde laget utkast til vedtekter, som ble inngående drøftet. Paragraf 1 ble vedtatt slik: «Sørsamiske samlinger er eit lag som har til føremål å realisere planen om Saemien Sijte (Samisk museum og samlingsplass) i Snåsa med samlinger av sørsamiske bruksting, husbunad, redskaper og verktøy, handverksarbeid, drakter og andre ting av kulturell og historisk interesse som kan gi et bilde av samisk liv og historie. Saemien Sijte skal være samlings- og møteplass for samene i Midt-Norge.»

Første formann ble valgt, nemlig Jonar Jåma. De andre i styret var:

Johs. Gåsno, Elsa Jåma, P. Jæger Leirvik, med vararepresentanter: Martha Jåma, Kjell Bardal og Per N. Joma. Et par år senere utnevnte staten sin representant, Ella Holm Bull, med vara Nils Danielsen.

(Haga, Arna (red): Jubileumshefte 2004, Saemien Sijte 2004)